

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Postboks 2844
3702 SKIEN

Dato: 23.10.2025
Vår referanse: 2022/5495-100
Sakshandsamar: Anne-Sofie Bergene Strømme

PlanID 20220002 Tangen - Justering av reguleringsplan i høve motsegn knytt til kulturminne

Syner til motsegn frå Telemark fylkeskommune 03.10.25 på reguleringsplan Tangen, planID 20220002, i høve kulturminne.

Kommunen har justert planframlegget i tråd med motsegna. Arealføremåla turveg (TV), utleigehytter (UTL), og båtnaustet (UNB) er teke ut av plankartet og føresegnene og det er difor inga tiltak i reguleringsplanen som kjem i konflikt med kulturminne. Vonar desse endringane imøtekjem motsegna, og at kommunen kan ta reguleringsplanen Tangen opp til 2. gongs handsaming. Ber om ei tilbakemelding på innan 1 november.

Kommunen har hatt dialog med grunneigar der arealføremåla teke ut av plankartet. Det er ikkje andre endringar av reguleringsplanen som påverkar nasjonale interesser negativt, og det er difor vurdert at det ikkje er naudsynt med ny høyring og offentleg ettersyn.

Kommunen har hatt dialog med NVE og mattilsynet, og kommunen har revidert føresegnene også i høve flaum og drikkevatn, VA og sløkkevatn for å imøtekomme høyringsinnspel som har kome i saka. NVE og Mattilsynet har fått tilsendt endringane tidlegare og samd i endringane. Statsforvaltaren, NVE og Mattilsynet er sett på kopi på dette brevet, slik at dei er orientert om det justerte planframlegget.

Vedlagt ligg justert plankart og føresegner. Sosi-fil av planområdet kan sendast etter behov.

Ta gjerne kontakt på tlf. 48118429 om det er spørsmål til plandokumenta.

Med helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

plan- og miljørådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- 1 Tangen plankart 23.10.25
- 2 Føresegner Tangen - 20.10.25

Mottakrarar:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
MATTILSYNET
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)